




MEDBORGERNOTAT #2

«Sympatibarometer for norske politiske parti i perioden
2013-2017»

Marta Rekdal Eidheim
Marta.Eidheim@uib.no
Universitetet i Bergen
Juni 2017



Digital Social Science
Core Facility



Sympatibarometer for norske politiske parti i perioden 2013-2017

Ved å stemme på eit parti ved val eller å svare på spørjeundersøkingar om kva parti ein ynskjer å stemme på, gir folk eit tydeleg signal om kva parti dei likar og sympatiserer med. Samtidig får vi ikkje eit heilheitleg bilet av sympati til partia, då ein kan like og vere einig med fleire parti på ein gong. Gjennom å spørje folk korleis dei ser på alle dei ulike sentrale partia i norsk politikk, gir Norsk medborgerpanel oss ei interessant moglegheit til å måle sympati til norske politiske parti på ein måte som gir oss kjennskap til korleis eit tversnitt av den norske befolkninga ser på alle dei ulike partia over tid.

Dette notatet gir ei oversikt over norske medborgarar sine sympatiar for og antipatiar mot norske politiske parti i stortingsperioden 2013-2017. Vi har her målt kort vidt folk likar eller mislikar parti frå hausten 2013 til våren 2017, med opptil to målingar per år.

I gjennomgangen av scorane vil først regjeringspartia verte presentert, så støttepartia og til slutt opposisjonen. Før denne presentasjonen er det nødvendig å kort informere om data.

Data

Grunnlaget for sympatibarometeret er data frå Norsk medborgerpanel runde 1 til 9 (2013-2017). Respondentane er ein del av eit panel, og nye respondentar er rekruttert i runde 1, runde 3 og runde 8. Dette betyr at det ikkje er nye respondentar for kvar runde. Respondentane har i åtte gonger vorte stilt spørsmål om kor vidt dei likar eller mislikar dei politiske partia som er representert på Stortinget. Spørsmålet har vorte formulert på same måte alle rundane, og spørsmålteksten er som følgande:

Vi vil gjerne be deg vurdere hvor mye du liker eller misliker de ulike politiske partiene i Norge.

Arbeiderpartiet

Høyre

Fremskrittspartiet

Kristelig Folkeparti

Venstre

Sosialistisk Venstreparti

Senterpartiet

Miljøpartiet de Grønne

Svaralternativ:

Misliker svært mye

Misliker mye

Misliker noe

Verken misliker eller liker

Liker noe

Liker mye

Liker svært mye

I denne oversikta er dei opphavelege sju svaralternativa redusert til tre kategoriar - 1 «Misliker», 2 «Verken misliker eller liker» og 3 «Liker». Alternativa «Misliker svært mye», «Misliker mye» og «Misliker noe» er slått saman til «Misliker». «Verken misliker eller liker» er framleis kategorien i midten, og alternativa «Liker noe», «Liker mye» og «Liker svært mye» utgjer ein «Liker»-kategori.

Denne oversikta vil gi ein presentasjon av den prosentvise fordelinga av dei nemnde kategoriane for kvart enkelt parti. Det er her brukt vektning i analyse av data. Dette er for å kompensere for observert bias i data. Vektene er basert på demografiske variablar (alder, kjønn og geografi) og utdanningsnivå. Meir informasjon om dette kan ein finne i dokumentasjonsrapportane til Norsk medborgerpanel¹.

Regjeringspartia

Den generelle tendensen for dei to regjeringspartia er at dei begge har høgast sympati i starten av perioden og at nedgangen i sympati stoppar etter våren 2015. Det er likevel vesentlege forskjellar mellom sympatiscoren til dei to partia, så det er naudsynt å sjå på dei kvar for seg.

Høgre


Tabell 1 viser den prosentvise fordelinga av sympatiscoren for regjeringspartiet Høgre. Generelt er det fleire som likar enn mislikar partiet.

	h2013	v2014	h2014	v2015	h2015	v2016	h2016	v2017
Misliker	26	30	37	39	33	34	37	35
Verken liker eller misliker	14	13	14	13	15	15	15	15
Liker	60	57	49	47	52	51	48	50
N	4670	3305	8125	6167	5372	4799	4594	6745

Tabell 1. Liker/misliker Høgre i prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2017).

¹ <http://www.uib.no/medborger/76892/data-og-dokumentasjon>

Figur 1 illustrerer utviklinga av sympatiene gjennom perioden. Oppsummert ser vi det er ein nedgang i dei som likar partiet frå våren 2014 til hausten 2014, men at denne kurven er stabil etter dette. Det er våren 2015 som er tidspunktet der færrest likte partiet, og flest mislikte det. Misliker-kurva stig frå hausten 2013 til våren 2015, men den går ned igjen hausten 2015 og held seg stabil etter dette. Parten som verken likar eller mislikar partiet har haldt seg relativt stabil, og denne delen er også vesentleg mindre enn for fleire av dei andre partia.



Figur 1. Prosentvis fordeling av liker/misliker partiet Høyre. Norsk medborgerpanel (2013-2017).

Framstegspartiet


Tabell 2 syner den prosentvise fordelinga av sympatiscoren for Framstegspartiet. Det er jamt over vesentleg fleire som oppgir at dei mislikar partiet enn likar det. På lik linje med sympatiene for regjeringspartner Høyre endar partiet opp med å få viss ein auke i del som mislikar dei frå byrjing av perioden til slutten av perioden, og sameleis er det færre som seier at dei likar partiet.

	h2013	v2014	h2014	v2015	h2015	v2016	h2016	v2017
Misliker	51	55	57	63	58	57	58	57
Verken liker eller misliker	11	12	12	11	11	11	12	12
Liker	38	34	31	26	31	32	30	31
N	4663	3316	8123	6166	5371	4806	4597	6742

Tabell 2. Liker/misliker Frp i prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2017).

Figur 2 illustrerer utviklinga av sympatiscoren for perioden. Som nemnd går misliker-kurven noko opp i løpet av perioden, og liker-kurven går noko ned. Begge kurvene har høvesvis toppunkt og botnpunkt

våren 2015, noko som er heilt tilsvarende trenden vi ser for sympatiscoren til Høgre. Også for FrP er det ein relativt låg del som verken mislikar eller likar partiet (gjennomsnittleg lågaste av alle partia).



Figur 2. Prosentvis fordeling av liker/misliker partiet Frp. Norsk medborgepanel (2013-2017).

Støttepartia

Overordna så er trenden for dei to støttepartia, KrF og Venstre, noko lik dei to regjeringspartia. Dei opplever også ein nedgang i sympatiene. Når ein ser nærmare på utviklinga i hele perioden er mønsteret likevel ganske annleis, og dette utdypast nærmare under.


Kristeleg folkeparti

I tabell 3 kan ein sjå den prosentvise fordelinga av sympatiscoren for Kristeleg folkeparti. Vi ser at tendensen er at klart fleire respondentar mislikar enn likar partiet. Det er ein svak nedgang i sympati i perioden og den lågaste scoren er registrert på slutten av perioden.

	h2013	v2014	h2014	v2015	h2015	v2016	h2016	v2017
Misliker	43	54	45	45	49	50	52	51
Verken liker eller misliker	27	21	28	27	24	26	25	24
Liker	30	25	27	28	27	24	23	24
N	4643	3314	8106	6172	5371	4796	4600	6741

Tabell 3. Liker/misliker KrF i prosent. Norsk medborgepanel (2013-2017).

Figur 3 viser utviklinga. Det som kanskje er mest tydeleg her er det klare hoppet på misliker-kurva våren 2014. Dei to siste målingane viser at misliker-delen er omtrent oppe på nivået frå våren 2014. Botnpunktet for liker-kurva er imidlertid målingane i 2016. Det er færre som oppgir at dei likar partiet og fleire som oppgir at dei mislikar partiet i 2017 enn hausten 2013. Vi ser også at det jamt over er ein vesentleg større del som oppgir at dei verken likar eller mislikar partiet samanlikna med dei to regjeringspartia. Denne kurva er ganske stabil i denne perioden.



Figur 3. Prosentvis fordeling av liker/misliker partiet KrF. Norsk medborgerpanel (2013-2017).


Venstre

Tabell 4 syner den prosentvise fordelinga av sympatiscoren til Venstre. Hausten 2013 er det fleire som likar enn mislikar partiet, men frå og med våren 2015 er dette snudd.

	h2013	v2014	h2014	v2015	h2015	v2016	h2016	v2017
Misliker	29	34	32	36	37	46	47	49
Verken liker eller misliker	32	29	32	32	29	26	25	27
Liker	39	38	35	32	34	28	28	24
N	4627	3305	8091	6130	5349	4794	4593	6728

Tabell 4. Liker/misliker Venstre i prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2017).

I figur 4 ser vi denne utviklinga illustrert. Frå våren 2015 er det er det fleire som mislikar partiet enn som likar det, og gapet mellom likar og mislikar er størst i våren 2017. Mislikar-kurven er brattast, og syner den negative utviklinga til sympatiene for partiet. Delen som verken likar eller mislikar partiet er vesentleg større enn for dei to regjeringspartia, samtidig som den går noko ned i perioden.



Figur 4. Prosentvis fordeling av liker/misliker partiet Venstre. Norsk medborgerpanel (2013-2017).

Opposisjonspartia

Opposisjonspartia har ulik utvikling i sympatiscoren denne perioden. Vi skal sjå at Arbeiderpartiet og SV har ein ganske stabil score, medan Senterpartiet og Miljøpartiet de Grønne er meir ustabile, men på forskjellege måtar.


Arbeiderpartiet

Tabell 5 viser den prosentvise fordelinga av sympatiscoren til Arbeiderpartiet. Det som er klart her er at haldningane til partiet er stabile. Liker-scoren er ganske lik første og siste måletidspunkt. Som med Høgre er det generelt fleire som likar enn mislikar partiet.

	h2013	v2014	h2014	v2015	h2015	v2016	h2016	v2017
Misliker	27	28	24	23	25	29	27	30
Verken liker eller misliker	14	14	14	14	14	16	15	15
Liker	59	58	62	63	61	55	58	55
N	4675	3317	8151	6157	5372	4807	4608	6752

Tabell 5. Liker/misliker AP i prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2017).

Figur 5 gir eit bilde av utviklinga til sympatiene i perioden. Som nemnd er det jamne scorar her. Det er også stabilt kor mange som verken likar eller mislikar partiet. Delen som meiner dette er relativt låg samanlikna med støttepartia og dei andre opposisjonspartia.



Figur 5. Prosentvis fordeling av liker/misliker AP. Norsk medborgerpanel (2013-2017).


Senterpartiet

I tabell 6 er den prosentvise fordelinga av sympatiscoren til Senterpartiet presentert. Her er misliker-scoren ganske ujamn dei fem første rundane. Den oppgangen vi har sett i meiningsmålinger for Senterpartiet den siste tida vert synleg ved siste måling våren 2017. For Senterpartiet er det generelt fleire som mislikar enn likar partiet, fram til målinga frå 2017.

	h2013	v2014	h2014	v2015	h2015	v2016	h2016	v2017
Misliker	39	47	38	41	34	37	37	32
Verken liker eller misliker	35	32	36	35	34	36	35	30
Liker	26	22	26	24	32	26	28	38
N	4614	3302	8072	6115	5353	4793	4595	6734

Tabell 6. Liker/misliker SP i prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2017).

Figur 6 illustrerer utviklinga for sympatiens gjennom den aktuelle perioden. Vi ser den nemnde ustabiliteten i scoren dei fem første rundane. Som KrF har partiet ein topp i misliker-scoren våren 2014. Her er det også færrest som likar partiet. Våren 2017 fangar målinga opp den aukande populariteten til partiet, og fleire likar partiet. Det er jamt over omrent ei tredjedel som verken liker eller misliker partiet.



Figur 6. Prosentvis fordeling av liker/misliker SP. Norsk medborgerpanel (2013-2017).


Sosialistisk venstreparti

Tabell 7 viser korleis respondentane fordeler seg på sympathiscoren for SV. Generelt er det fleire som mislikar enn likar partiet. Fordelinga må også kunne seiast å vere ganske vere stabil gjennom dei sju rundane.

	h2013	v2014	h2014	v2015	h2015	v2016	h2016	v2017
Misliker	49	53	49	51	49	53	52	51
Verken liker eller misliker	23	20	24	23	23	22	22	24
Liker	28	27	27	26	28	25	26	25
N	4613	3313	8089	6139	5366	4802	4593	6732

Tabell 7. Liker/misliker SV i prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2017).

Figur 7 illustrerer utviklinga i perioden. Dei jamne resultata er tydlege, og der er ingen klare toppunkt eller botnpunkt på kurvene. Det er ein god del som verken likar eller mislikar partiet, ein tendens som er meir typisk for dei mindre partia (og ikkje for Høgre, FrP eller AP).



Figur 7. Prosentvis fordeling av liker/misliker SV. Norsk medborgerpanel (2013-2017).


Miljøpartiet de Grønne

Tabell 8 viser fordelinga av liker/misliker-variabelen for MDG. Partiet har i dei fire første rundane ganske jamn fordeling mellom dei tre kategoriane, men frå runde fem og utover skjer det ei dramatisk utvikling.

	h2013	v2014	h2014	v2015	h2015	v2016	h2016	v2017
Misliker	32	32	30	31	48	55	57	56
Verken liker eller misliker	35	35	35	36	20	20	19	18
Liker	33	33	35	34	32	26	24	26
N	4613	3316	8078	6125	5364	4805	4601	6738

Tabell 8. Liker/misliker MDG i prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2017).

Vi ser av figur 8 at frå hausten 2015 så er delen som mislikar partiet vesentleg større, og at delen aukar i 2016. MDG går frå jamn fordeling mellom kategoriane til at fleirtalet mislikar partiet. På same tid går delen som er nøytrale til MD også kraftig ned.



Figur 8. Prosentvis fordeling av liker/misliker MDG. Norsk medborgerpanel runde 1-7.

Oppsummering

I dette notatet har det kome fram korleis norske medborgarar ser på dei politiske partia på Stortinget mellom 2013 og 2017. Det som er interessant å merke seg er nedgangen i sympati regjeringspartia har opplevd. Denne nedgangen kan både skuldast at ei såkalla «honeymoon-period» er over, samtidig som det også kan dreie seg om regjeringslitasje. I og med at vi ikkje har tilsvarende målingar frå perioden før partia kom i regjering er dette ikkje noko ein kan trekke klare konklusjonar om på bakgrunn av dei data som er presentert her.

Støttepartia som har samarbeida med regjeringa, har også hatt ein nedgang i sympatiene, og særleg er Venstre ramma av ei negativ utvikling. Dette kan tyde på at samarbeidspartia også har opplevd betydeleg regjeringslitasje. Ei anna forklaring kan vere at ein del veljarar er misnøgde med at to små parti har fått påverke politikken regjeringa har ført.

Det andre som er verdt å legge merke til er korleis relativt brå endringar i sympatiene ser ut til å samanfalle med spesifikke hendingar eller saker. Det at KrF har ein topp i misliker-kurven våren 2014 kan indikere eit samanfall med saka om reservasjonsrett som var aktuell på tidspunktet målinga vart gjort. Sameleis kan store endringar i sympathiscoren til MDG hausten 2015 indikere at då dei kom til makta i Oslo og vart meir synlege, så påverka dette haldningane folk hadde til partiet. Dette er deskriptive data, og vi kan ikkje konkludere noko om årsakar her, men tendensane kan tyde på at dagsaktuelle forhold gir utslag i partisympatiene på kort sikt.